

Fra: eirik.myhre@multiconsult.no

Sendt: 14.06.2018 13:14:17

Til: post stord kommune

Kopi:

Emne: RE: Ny info! Mogleg fergefri forbindelse til Husnes

Vedlegg:

Hei igjen Gaute!

Etter å ha lest Sunnhordland i dag ser eg at me høgst sannsynleg allereie er einige om ein del ting rundt fergefri Kvinnherad-samband.

Utan å bruke for mykje av tida di på lange utgreiingar vil eg komme med ein ny liten idè som kan betre den mellombelse situasjonen.

Føresetnadar: Eg reknar i denne samanheng med at Kvinnheringar flest ikkje bur på Halsnøy, og at den føreterkte landingsstaden på den sida er i Sunde området, dei bruker i dag over ein time til Leirvik frå Sunde.

Halhjem/Sandvikvåg fergene går i 23 knop. I avtalen med staten skal dei gå i minimum 21 knop. Avtalen er snart slutt og prosessen om å kjøpe nye er i gong (oppstart nye ferger 1. januar 2019).


Strekninga er 9,5 nautiske mil (knop) mellom Sunde og Skjersholmene. I 21 knop er dette godt i underkant av 30 minutt. (19 knop er 30 minutt) dvs reisetida mellom Sunde og Leirvik blir halvert, samt den jamne kvinnhering slepp å betale bom i tunnelen.

Alternativt settje inn nye ferger på denne strekninga som ei mellombels løysing. Det finnes bilferger i dag som går i 30 knop (colorline), 40 knop (ein anna danskebåt) og 58 knop (buenos aires) i tillegg til store elektriske passasjerbåtar 30 knop.

Skjer i sjøen: Vegvesenet vil ikkje køyre båt i meir enn 15 knop. I eit miljøperspektiv kan det være enklare å forsvare det å nytte dei gamle fergene frå Halhjem i 10 år til, då det er ein mellombels fase medan ein venter på Kvifast. Dessutan går dei på gass, og det er meir miljøvennleg enn dei me nyttar i dag.

Miljø: Miljømessig sparer ein naturen for store nye inngrep, sanering av gamle ferger og bygging av nye. Eventuelt auka utslepp for raskare ferger kan ein spare inn på kortare strekning i bil (10 km kortare veg kvar veg per bil tilsvarer ca 2-300 000kg co2 i året). Dessutan treng ikkje fergene gå like fort heile dagen.

Og med det ynskjer me Kvinnheringane velkommen til Stord og kan leggje fergestødebatten daud nok ein gong. (pluss me sparer eit par milliardar på nye fergekaiar)



Det hadde vore kjekt med ei stadfesting på at du har motteke idèen.

EIRIK MYHRE

Prosjekt- og byggeleiing - Bygg og industri
Multiconsult Stord

40 49 38 31 | eirik.myhre@multiconsult.no

www.multiconsult.no

Multiconsult

From: Myhre, Eirik

Sent: fredag 4. mai 2018 10.58

To: 'post@stord.kommune.no' <post@stord.kommune.no>

Subject: Ny info! Mogleg fergefri forbindelse til Husnes

Hei Gaute!

Eg har prøvd å huke tak i deg på ein benk eller liknande utan hell, og ser meg nøydd å skrive til deg for å gi deg ein ide eg har rugd på ei stund.

Om ideen er liv laga må andre svare for, men i så tilfelle kan ein leggje fergedebatten daud ein gong for alle. Personleg meiner eg det er litt gammaldags å tenkje nye fergeforbindelsar når det er andre moglegheitlar. Skissa nedanfor har eg henta frå dagens Sunnhordland, her syner dei ei fjordkryssing K5 som eg har teke for meg.




Det vil være interessant å lese artikkelen om lengre hengebruer i Teknisk Ukeblad:

<https://www.tu.no/artikler/denne-ligningen-kan-gi-hengebruer-over-de-lengste-e39-kryssingene/430385>

Kort oppsummert skriv Statens vegvesen at dei planlegg hengebruer på 2km, og ser til og med moglegheit for 3 km lange bruer. Utan kjelder meiner eg å ha eit inntrykk av at det i tidlegare debattar om fjordkryssing har kunkludert i at det er umogleg utan ferje. Denne artikkelen gir soleis eit nytt lys på denne påstanden.

«K5» er om lag 3km lang frå strand til strand. Eg sjekka fleire moglegheitlar som t.d. ranavik-sørhuglo og vidare sørhuglo-kyvik, som kun er 2km, men då må ein via Halsnøy og det trur eg ikkje like mange er tent med, men sjølvsaft og mogleg. Ser ein på sjøkartet derimot ser ein at det kun er 2 km frå Sunde til grunt vatn på Huglo sida. (30-40 meter) siste kilometeren er lett å løyse med vanleg betongbru. Ein brupilar på 40 meters djupne er overkomeleg. (golden gate frå 1937 står på 35 meters djupne)





Eit grovt anslag syner ein avstand frå Husnes via Huglo, Tysnes, Jektevik og til Leirvik på ca 30km. I 90km/t er det 20 minutt.

Alternativt kan ein nytte seg av velprøvd teknologi som har vist seg vedlikeholdseffektivt og haldbart lenger nord i Hordaland: <https://no.wikipedia.org/wiki/Nordhordlandsbrua>
Her kan ein t.d. ha flytedelen over dei djupaste delane av fjorden.

Takk for at du tok deg tid til å lese det, fint om du gir ein tilbakemelding på om du har lest eposten.

Prosjekt- og byggeleing - Bygg og industri
Multiconsult Stord

40 49 38 31 | eirik.myhre@multiconsult.no
www.multiconsult.no

Multiconsult